



LINDÅS KOMMUNE

# FORSKRIFT TIL ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULEN I LINDÅS



## **Innhold**

<i>Kapittel 1</i>	<i>Om ordensreglement.....</i>	2
<i>§1 Lovheimel.....</i>	2	
<i>§2 Virkeområde .....</i>	2	
<i>§3 Skulen sitt eige ordensreglement.....</i>	2	
<i>Kapittel 2</i>	<i>Skulemiljøutval .....</i>	2
<i>Kapittel 3</i>	<i>Vurdering i orden og åtferd.....</i>	2
<i>Kapittel 4</i>	<i>Reglar og sanksjonar.....</i>	2
<i>§ 4 Reglar om orden og åtferd.....</i>	3	
<i>§ 5 Sanksjonar ved brot på ordensreglementet.....</i>	3	
<i>§ 5-1 Moglege sanksjonar .....</i>	4	
<i>Kapittel 4</i>	<i>Sakshandsamingsreglar ved sanksjonar.....</i>	5
<i>§ 6 Sanksjonar som alltid skal gjerast som enkeltvedtak .....</i>	5	
<i>§7 Sakshandsamingsreglar ved avgjersle som ikkje er enkeltvedtak .....</i>	6	
<i>Kapittel 5</i>	<i>Iverksetjing .....</i>	6

## **Kapittel 1      Om ordensreglement**

### **§1 Lovheimel**

Ordensreglementet har heimel i opplæringslova § 2-9

### **§2 Virkeområde**

Ordensreglementet gjeld for alle grunnskulane i Lindås, for lærings- og utviklingssenteret og for skulefritidsordninga så langt det passar.

Skulen har ansvar for elevane i undervisninga på skulen, under arrangement, på utflykter og andre tilstellingar under skulen si leiing.

### **§3 Skulen sitt eige ordensreglement**

I tillegg til felles ordensreglement for alle skulane i Lindås, skal kvar skule utarbeide sine lokale reglar for trivsel, orden og åtferd.

Skulen sitt samarbeidsutval gjer endeleg vedtak om skulen sitt eige ordensreglement.

Skulen sitt eige ordensreglement skal gjerast kjend for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved skulestart.

## **Kapittel 2      Skolemiljøutval**

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring jf. opplæringslova kapittel 9a. Alle skulane i Lindås skal ha eit skolemiljøutval som sikrar systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.

## **Kapittel 3      Vurdering i orden og åtferd**

Reglar for vurdering i orden og åtferd er heimla i forskrift til opplæringslova §§3-5 til 3-8 og 3-15. Vurderinga skal gje elevane informasjon om deira orden og åtferd og gje rettleiing til eleven med sikte på vidare utvikling jf rettleiing til ordensreglementet. Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd må sjåast i samanheng med i kva grad eleven opptrer i tråd med skulen sitt ordensreglement.

## **Kapittel 4      Reglar og sanksjonar**

Elevane skal følgja vanlege reglar i samfunnet og vise god folkeskikk. Som elev har ein derfor både rettar og plikter som skal følgjast.

## **§ 4 Reglar om orden og åtferd**

Skulane skal i arbeidet med sitt eige reglement einast om sentrale reglar for orden og åtferd. Elevar, foreldre/føresette, lærarar og skuleleiar/ar må ta del i utforming av lokalt reglement. Reglane bør formulerast positivt og vise til ønskja åtferd. Det er viktig at reglane er konkrete og spesifikke. Det må ikkje vere tvil om kva som vert forventa av eleven. Reglane må følgjast opp med tydelege konsekvensar. Skulane må ha klare rutinar for oppfølging av regelbrot.

Reglar for god orden skal omhandla:

- Førebuing til opplæringa, oppmøte, deltaking i undervisning, arbeidsro , arbeidsvanar og arbeidsinnsats
- Orden på eigne og andre sine eigneluter og verdisaker
- Korleis ta vare på skulen sine bygg, inventar, lærebøker, undervisningsmateriell og andre gjenstandar, unngå hærverk og unødig slitasje og forbruk
- Reglane kan også omtale bruk av ulovlege eller farlege gjenstandar på skulen

Reglar for god åtferd skal omhandla:

- Samhandling med kvarandre, språkbruk, respekt, omsyn, mobbing og plaging fysisk, psykisk eller verbalt plaging
- Bruk, oppbevaring og omsetting av tobakk, snus, alkohol eller narkotika
- Bruk av mobiltelefon, iPod, MP3-spelar m.v.
- Bruk av skulen sitt datautstyr, internett og e-post (nettvett-reglar, digital plaging og mobbing)

## **§ 5 Sanksjonar ved brot på ordensreglementet**

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagera på dette. Dei skal stå i rimeleg høve til brotet på ordensreglane. Sanksjonar må koma så nær regelbrotet i tid som mogeleg. Dersom det er mogleg, skal eleven få høve til å gjera opp for seg.

Som hovudregel skal det berre setjast i verk sanksjonar som følgjer av lov eller reglement. Dersom særskilde grunner tilseier det, kan også andre sanksjonar av mindre inngripande art

gjennomførast. Ved brot på reglar som følgje av skulen sitt eige ordensreglement, gjeld det same.

Elevane pliktar å overhalda gjevne sanksjonar. Dersom dette ikkje vert gjort, kan det gjevast nye sanksjoner.

### **§ 5-1 Moglege sanksjonar**

---

Skulane må drøfte lokalt kva sanksjonar dei vil ta i bruk. Sanksjonane skal kome tydeleg fram i skulen sitt eige ordensreglement. Skulane i Lindås kan nytta følgjande tiltak mot brot på ordensreglementet:

- Munnleg irtettesetting, munnleg melding til føresette, skriftleg irtettesetting/åtvaring, skriftleg melding til føresette
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller eigneluter (rydde søppel, vaska golv, fjerne tagging og liknande)
- Erstatning
- Vera til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærar/rektor og/eller utføring av pålagde oppgåver
- Inndraging av gjenstandar som blir brukt på ein farleg eller provoserande måte, og/eller andre gjenstandar som ikkje skal vere med på skulen. Inndregne gjenstandar kan leverast attende til føresette (ulovlege gjenstandar skal leverast til politiet)
- Ved alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet, kan elevar på 1.-7. trinn visast bort frå undervisninga for einskildtimar eller for resten av dagen. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak
- Elevar på 8.-10. trinn kan i tillegg visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, jf. opplæringslova § 2-10 og § 2-9 fjerde ledd. Før det blir gjort vedtak, skal eleven ha fått høve til å forklare seg munnleg og ein skal ha vurdert andre hjelpe- og refsingstiltak
- Føresette til eleven skal alltid varslast før bortvising vert sett i verk for resten av dagen eller for heile dagar på 8.-10. trinn
- Rektor sjølv tek avgjerd om bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven
- Straffbare tilhøve skal meldast til politiet

- Utelukking av einskildelever frå spesielle arrangement og aktivitetar, mellombels eller permanent klassebyte, mellombels eller permanent skulebyte
- Nedsett karakter i orden og åferd må sjåast i samanheng med vurdering

#### **Kapittel 4      Sakshandsamingsreglar ved sanksjonar**

Handsaminga av brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova. I den grad avgjersle om sanksjon kan reknast som eit enkeltvedtak, skal reglane om sakshandsaming etter forvaltningslova kap III – VI følgjast.

Dette inneber mellom anna at:

- Eleven sine føresette skal varslast før vedtak vert gjort og gjevast høve til å uttale seg innan ei nærmare gjeven frist
- I regelen skal førehandsvarsel gjevast skriftleg
- Skulen skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg før vedtak vert gjort
- Ein skal sjå til at eleven har fått høve til å gje uttrykk for sitt syn
- Enkeltvedtak skal vera skriftleg og grunngjevast
- Vedtaket skal kunna påklagast og må derfor ha opplysningar om klagerett, klagefrist, klageinstans og den nærmare framgangsmåten ved klag

#### **§ 6 Sanksjonar som alltid skal gjerast som enkeltvedtak**

Ved bruk av følgjande sanksjonar vert det alltid kravd enkeltvedtak:

- Bortvising
- Skulebyte
- Tiltak vedkomande det psykososiale miljøet

Dersom ein elev eller føresett ber om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet, mellom anna tiltak mot krenkjande åferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg handsame saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, sjå opplæringslova § 9a-3 tredje ledd.

Dersom skulen innan rimeleg tid ikkje har gjort vedtak i saka, kan foreldre likevel klage etter reglane i forvaltningslova, som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen skal svara på meldingar innan ein månad. Dersom det kan gå over ein månad, skal det sendast førebels svar med grunngjeving. Så vidt mogleg skal det seiast kva tid ein kan vente å få svar, jf. forvaltningsloven § 11a.

### **§7 Sakshandsamingsreglar ved avgjersle som ikkje er enkeltvedtak**

Ved bruk av sanksjonar der det ikkje er krav om enkeltvedtak, skal skulen likevel alltid ta i bruk følgjande sakshandsamingsreglar:

- Skulen har plikt til å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg, og avgjerda skal takast på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven skal så vidt mogleg varslast og få relevante opplysningar i saka med høve til å uttala seg før avgjerd vert teken. I alvorlege saker skal føresette så langt det er mogleg kontaktast. Varselet kan gjevast munnleg, men ved ei avgjerd av særleg vekt bør grunngjevinga gjevast skriftleg.
- Avgjerda bør grunngjevast. Grunngjevinga skal gjevast samtidig med underretting om avgjerda til eleven, med mindre særskilde tilhøve gjer det vanskeleg. Grunngjevinga kan gjevast munnleg, men ved avgjerd som har mykje å seie, bør grunngjevinga gjevast skriftleg.

### **Kapittel 5      Iverksetjing**

Reglementet har vore til høyring på skulane i personalet, elevrådet, FAU og SU/SMU.

Reglementet skal alltid vere tilgjengeleg på kommunen og skulane sine nettsider.

Ordensreglementet slik det no ligg føre er vedteke av levekårsutvalet 02.11.2010 og gjeld frå 01.01.2011.

**Vedlegg:** Rettleiing og lovgrunnlag til forskrift til ordensreglement for grunnskulen i Lindås